



Aukra kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Postboks 2520

6404 MOLDE

Att. Kristin Eide

Vår ref.:

2017/814-16/L13

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:

Svein Rune Notøy

Dato:

23.10.2019

Privat reguleringsplan Tahaugen næringspark - avklaring av motsegner

Privat reguleringsplan Tahaugen næringspark låg ute til høyring og offentleg ettersyn i perioda 18.08.2019 – 30.09.2019. I sin merknad til planforslaget datert 30.09.2019, hadde Fylkesmannen i Møre og Romsdal motsegn til planen knytt til manglende dokumentasjon som sikrar trygg byggegrunn og tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn, samt at det må utarbeidast støyfagleg vurdering.

Kommunen sendte den 03.10.2019 ein e-post til tiltakshavar og tiltakshavar sin plankonsulent der vi bad om å få ei tilbakemelding på korleis dei stil seg til dei innkomne merknadane og motsegnene. Den 16.10.2019 fikk kommunen tilbakemelding frå tiltakshavar, der dei skriv følgjande:

Angåande motsegn knytt til mogleg ustabile grunntilhøve

«*Grunnen inneholder ikke spor av ustabile marine avsetninger. Det har tidligere, gjennom hele den sydlige del av planområdet, blant annet blitt gravd 6 meter dype vann-/avløps-grøfter, i tillegg til annen graving i forbindelse med planering av området. Under jordlaget består massene av meget fast leire og grus. I den nordlige del av planområdet er det faste morenemasser og fjell under jordlaget.*».

Kommunen si vurdering:

Basert på opplysningane over ser ikkje kommunen at det skulle være naudsynt med nærmare geotekniske undersøkingar for å kartlegge om grunnen kan innehalde kvikkleire eller som kan føre til ustabil grunn, og ber derfor om at Fylkesmannen trekker si motsegn slik at planen kan leggjast fram for eigengodkjenning.

Angåande motsegn knytt til støyfagleg vurdering

«*Det foregår ingen unaturlig støyende aktivitet innen planområdet, og det legges heller ikke opptil det. De nærmeste naboene føler ikke noe problem eller ubehag, herunder ikke noen for m for støyulemper av*

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
Nyjordvegen 12 6480 Aukra	Nyjordvegen 12 Org.nr. 964 981 337 www.aukra.kommune.no	71 17 15 00 Telefaks 71 17 15 01	9650.26.60192 Bankto. skatt 6345 06 15473
E-post: post@aukra.kommune.no			

naboskapet til planområdet. Det er ikke aktuelt å utføre noen støytiltak». Støytabellen som er inntatt i Fylkesmannens brev legges inn i reguleringsbestemmelsene».

Kommunen si vurdering:

Næringsarealet vert i dag nytta som verkstad, lager og parkering for verksemda sin maskinpark. Opplevd støy blir i hovudsak generert utifra køyring til og fra bedrifta med tunge køyretøy, og må kunne sjåast på som påregneleg. Bedrifta har vore etablert på staden i ei årrekke, og kommunen er ikkje kjent med at støy har vore eit problem. Dei nye tiltaka som er tenkt etablert er i fyrste omgang ei utviding av eksisterande bygg og mogleg etablering av nye bygg for å utvide verksemda, og desse tiltaka vil ikkje medføre auka støynivå utover dagens situasjon. Basert på opplysningane over ser ikkje kommunen at det skulle være naudsynt med støyvurdering, og ber derfor om at Fylkesmannen trekker si motsegn slik at planen kan leggjast fram for eigengodkjenning.

Aukra kommune ønsker å få ei tilbakemelding på om motsegnene som er stilt til planforslaget kan trekkast basert på opplysningane som kjem fram i dette brevet, og ber om å få ei tilbakemelding innan **06.11.2019**. Vær snill å kome med forslag til alternativ, dersom det viser seg at fristen blir for kort.

Med helsing

Svein Rune Notøy
Arealplanleggar